



Bakkengard-Bognøy v/ Olav Andre Soltveit
Nordre Steinestø 7
5108 HORDVIK

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1653 - 18/20912

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:

28.09.2018

Godkjenning av søknad om utsett arbeidsfrist SMIL-prosjekt rydding og inngjerding av beite Gbnr. 51/4 Landsvik

Administrativt vedtak. Saknr: 254/2018

Saksutgreiing:

Bakkengard-Bognøy v/ Olav Andre Soltveit søker i epost datert 22.08.2018 om utsett arbeidsfrist for å gjøre ferdig SMIL-tiltak. Tiltaket gjeld rydding og inngjerding av beite på Gbnr. 51/4 på Landsvik i administrativt vedtak saknr. 259/2015. Arbeidsfristen går ut 01.10.2018. Fylkesmannen sin ref. 15/011541.

Vurdering:

Prosjektet har kome godt i gang, og det er lagt ned mykje arbeid i prosjektet. Søklar opplyser at han er i hovudsak ferdig med gjerding og rydding, men at det er igjen nokre mindre arbeid. Arbeidet har teke ligg lenger tid enn planlagt, men at det er lite tid som krevjast for å ferdigstille arbeidet. Prosjektet er nesten heilt ferdig.

Kommunen vurderer at grunnane som ligg bak at arbeidet ikkje er avslutta innan fristen, må akseptera. Rydding og inngjerding kan vere tidkrevjande arbeid, og det kan vere utfordrande å estimere arbeidsmengde. Administrasjonen legg også vekt på at prosjektet er nesten heilt ferdig og at det kunn er mindre ting som står att. Administrasjonen meiner at det er viktig at prosjektet vert ferdigstilt da det er lagt ned mykje arbeid i prosjektet, slik at tiltaket vert ferdigstilt. Kommunen vil difor godkjenne søknad om utsett arbeidsfrist for ferdigstilling.

Vedtak

«Meland kommune gjev med dette Bakkengard-Bognøy v/ Olav Andre Soltveit utvida frist til 01.10.2019 med å gjennomføra siste del av tiltaket som det vart løyvd midlar til i delegert vedtak saknr.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

259/2015. Det er ingen endring i villkåra som gjeld for gjennomføring og ferdigstilling. Kommunen syner i denne samanheng til vedtaket som vart fatta i delegert vedtak saknr. 259/2015.

Vedtaket har heimel i forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket § 5.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldane delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtaket er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

Mottakere:

Bakkengard-Bognøy v/ Olav Andre
Soltveit

Nordre Steinestø 7 5108

HORDVIK